

Ledige plassar på Jotunheimen-tur

26.07.2009

Det er framleis to-tre ledige plassar på turen i Vest-Jotunheimen denne veka, fortel turleiar Kjell Yri. Den går frå 5. til 8. aaugust.

Første del aav reisa går onsdag - i privatbilar til Hjelle og derifrå til overnattingsstaden Krossbu ved Sognefjellsvegen i maxitaxi.

Torsdag står Fannaråken på programmet (2068 meter over havet, biletet). Etter overnatting der går turen vidare til Skogadalsbøen fredag og siste dag går gruppa ned til Hjelle der bilane vart parkerte. Det vil vera mogeleg å nå heim att til Kvinnherad om kvelden.

Yri lovar mange sterke inntrykk i ein overdådig natur. Men ikkje berre det: Han lovar også ei spesiell kulinarisk oppleving på Fannaråkhytta. Ikkje nokon stad som ligg så høgt over havet her i landet kan ein få servert ein tre rettars middag!